



# KASTE LASSO PÅ REINSDYRET



# KASTE LASSO PÅ REINSDYRET

## Hensikt

Denne aktiviteten kan koplast til arbeid om samisk kultur. Vidare øver barna på å kaste.

## Utstyr

Erteposar/rockeringar eller ballar

Balje

## Forklaring

1. Barna får utdelt nokre erteposar kvar og skal kaste erteposane i t.d. ein balje.

## Tips

- Ein kan variere avstanden for å tilpasse vanskegraden. Ein kan óg nytte eit mål som rører seg ved at den vaksne held baljen i hendene og flyttar seg medan barna kastar. Her styrar den vaksne kor vanskeleg det skal vere ved å tilpassa farten. Det er kjekt om den vaksne lev seg inn i rolla som reinsdyr.

## Variasjon

- Ein annan variant kan vere at ein skal kaste rockeringar på kjegler. Då set ein mange kjegler rundt på golvet/området og barna skal prøve å få rockeringen rundt ei kjeGLE.
- Ein kan óg binde hoppetau (kanskje fleire saman for lengre tau) i rockeringen og kaste lasso på ballar som ligg på golvet/plenen. Om ein får rockeringen rundt ein ball, kan ein prøve å dra ballen til seg ved å dra i tauet.